



VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

# Årsmelding

for året 2020

80. driftsår



Knekta grantopp i fin balanse på ein fase. Breiviksheia i Birtedalen  
(Foto: Kjell Sverre Thoresen)

# VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

## HISTORISK OVERSYN

Vest Telemark Kraftlag blei stifta 13. september 1940 av kommunane Lårdal, Mo, Vinje, Kviteseid og Seljord; - som eit selskap der deltararane hadde avgrensa økonomisk ansvar (BA). I 1948 blei Fyresdal kommune medeigar og i 1981 blei det vesle Kilen Kraftlag i Kviteseid overteke. Så i 2000 blei Nissedal Kommunale Elverk (NKE) fusjonert inn og Nissedal kommune gjekk då inn på eigarsida i VTK i høve til dei verdiane som låg i verksemda. NKE var stifta i 1921.

VTK stifta i 1948 Skafsa Kraftwerk AS saman med Hydro og i 1960 Sundsbarm Kraftwerk saman med Skiensfjordens kommunale kraftselskap (SKK).

Som fylgje av lovendring (lov om interkommunale selskap §41) blei VTK (BA) omorganisert til aksjeselskap (VTK AS) med verknad frå 01.01.2002. Omorganiseringa skjedde ved namneendring og nye vedtekter. Aksjekapitalen på 100 mill.kr blei fordelt i same høve som andelskapitalen i BA-et. Eigarane har inngått avtale som regulerar aksjeomsetning og styrevalg m.m. Vedtaket om omorganisering blei gjort i representantskapet 10.01.2002 og var samrøystes. Som fylgje av lovendring blei VTK omdanna til konsern 14.08.2020 med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2021. Dette er difor siste Årsmelding for «gamle» VTK.

## EIGARSKAP OG FØREMÅL

VTK er eigd av Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje kommunar. Nissedal eig 5 %, dei andre 19 % kvar. Aksjekapitalen er på 100 mill.kr. Konsesjonsområdet dekker dei same kommunane med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle og Haugsjå i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40 % av Telemark fylkes areal. VTK har forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune, og ei avdeling i Treungen. Føremålet med selskapet er å bygge og drive anlegg for kraftproduksjon, kraftoverføring og breiband, - og ha aktivitetar innom kraftomsetning, teletenester, elektroinstallasjon og liknande.

VTK er medeigar/eigar i produksjonsselskapene Skafsa Kraftwerk ANS (67 %), Sundsbarm Kraftwerk (8,5 %), Grunnå Kraftwerk AS (18,252 %) og Naurak Kraftwerk AS (100%). I tillegg har vi Trontveitåna Kraftwerk integrert i VTK AS. Til saman gjev dette 255 GWh i eigenproduksjon. Vidare har VTK 40 % i brebandselskapet Telefiber AS. Telefiber eig 41% i NC-Spectrum AS.

## HOVUDTAL

VTK har ca 15000 nettkundar og talet aukar med 100-150 i året, i hovudsak hytter.

I høve til talet på abonnentar har VTK eit omfattande nett (ca-tal):

90 km regionalnett	7	transformatorstasjonar
1100 km høgspentnett	6	koplingsstasjonar
2000 km lågspentnett	950	nettstasjonar


VTK-konsern sine aktivitetar sysselset ved utgangen av året 56 personar (55 årsverk), av desse er 6 årsverk tilknytta dei deleidde produksjonsselskapene (Skafsa og Sundsbarm). Selskapet har totalt gjeve eigarane eit utbyte på 452 mill.kr dei siste 21 åra. Bokført eigenkapital i selskapet er ca 400 mill.kr. Verkeleg verdi er monaleg større.

## Kva denne Årsmeldinga gjeld.

Denne årsmeldinga gjeld, som tidlegare år, Vest-Telemark Kraftlag AS med aktivitetane Produksjon, Omsetning, Nett, Fiber og Kontortenester. I KONSERN-oppstillinga i rekneskapet visast summen av VTK AS, 67% av Skafsa Kraftwerk ANS, 8,5% av Sundsbarm Kraftwerk og 100% av Naurak Kraftwerk AS med eliminering av interne transaksjonar.

Vest-Telemark Kraftlag Holding AS og Vest-Telemark Kraftlag Nett AS blei stifta 2.halvår 2020, men blei ikkje sett i drift før 1.1.2021. Offisielt rekneskap blir ikkje avglat for desse i 2020.

## ORGANISASJON OG LEIING Vest-Telemark Kraftlag AS



Styreleiar:	Erik Skjervagen	(Guro B. Libjå)	Fyresdal
Styrets nestleiar:	Baiba Sheine	(Øystein Høgetveit)	Vinje
Styremedlemer:	Runa Tveit	(Øyvind Tveit)	Nissedal
	Geir Kjartan Lid	(Anne Birgit Solid)	Kviteseid
	Eivind Skogheim	(Irene Aarbakk)	Seljord
	Åshild Løvold	(Knut Urbø)	Tokke
	Torfinn Heggteit	(Even Strand Aas)	Tilsette
	Jarle Solbu	(Rune Aalandslid)	Tilsette
Dagleg leiar:	Adm.direktør Ketil Kvaale		
Revisor:	Revisorteam Vest-Telemark A/S v/Siv Aarmodt		

Frå 24.03.2021 er styret redusert til Eivind Skogheim (leiar), Åshild Løvold og Geir Kjartan Lid og det er dette styret som formelt legg fram Årsmelding og rekneskap for 2020.

# STYRETS ÅRSMELDING

## GENERELET OM ÅRET 2020

### Samandrag

Året 2020 var relativt vått og varmt. Ref. Åmdal var nedbøren 39% over normalen; - med store toppar sommar og oktober/november. Temperaturen var heile 2,8 grader over lokal observert middel. Ein mild vinter var primærårsaken.

Kraftproduksjonen var den høgaste på seks år, men historisk låg spotpris gav likevel eit svært dårleg økonomisk resultat.

Nettrekneskapen viser litt nedgang i volum og driftsresultat. Dårleg leveringsregularitet pga redusert redundans i regionalnettet og store utfordringar i distribusjonsnettet i desember, som fylgje av unormalt mykje snø og is. Rekordhøgt investeringsnivå.

Fiberutbygginga gjekk vidare med full tyngde og 750 nye kundar blei kopla opp. Det blei investert over 30 mill.kr for første gong på eitt kalenderår. Det var i Fyresdal, Kviteseid og Tokke det var størst aktivitet i 2020. VTK har vunne alle anbod vi har gjeve pris på og områder i Vest-Telemark utan tilgang på fiber blir stadig færre.

Resultatet er det svakaste sidan 2012. EBITDA blei 56,6 mill.kr, driftsresultatet 28,3 mill.kr og og resultat etter skatt 16,3 mill.kr. Brutto investeringar på over 100 mill.kr i Nett og Fiber;- netto ca 85 mill.kr. I hovudsak finansiert med låneneopptak. Utbytte på 17,5 mill.kr som planlagt.

Eigenkapitalandel redusert til ca 45%.

Koronasituasjonen. VTK sette beredskap 12.mars og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald. Aktivitet og produksjon har vore svært lite påvirkta av pandemien. Dei fleste generelle tiltaka er framleis gjeldande i VTK.

### Produksjon og kraftsalg engros

I 2020 var det i **Skafsa Kraftverk** sitt nedslagsfelt 139% av normal nedbørsmengde. Me fekk likevel bare ein produksjon på 105 % av normalen pga havari i sentralnettpunkt Lio, noko som gav produksjonsrestriksjonar i mange veker. Det var mykje nedbør, spesielt i 2. halvår, noko som førte til rekordhøgt vasstap utrekna til 120 GWh. Noko av nedbøren blei også bruka til magasinoppbygging. Totalt volum blei 343 GWh mot 326 GWh i 2019. VTK eig 67% av Skafsa Kraftverk ANS (i 2020 gav det 230 GWh mot 219 GWh i 2019, av dette 19,3 GWh levert som konsesjonskraft).


I **Sundsbarm Kraftverk** auka produksjonen frå 406 GWh til 635 GWh. Produksjonen var 6 % under normalen i 2019 og 47 % over normalen i 2020. VTK eig 8,5% av Sundsbarm Kraftverk DA og vår kraftandel blei 53 GWh mot 34 GWh året før.

I tillegg kjem produksjonen frå **Trontveit Kraftverk** på 5,6 GWh i 2020 mot 3,0 GWh i 2019 (oppstart 8.mai 2019) .

I sum blei VTK sin del av produksjonen i Skafsa, Sundsbarm og Trontveit Kraftverk den høgaste sidan 2014, 289 GWh mot eit normalt nivå på 256 GWh i 2019 (13% auke). I eit normalår er VTK sitt volum frå desse kraftverka ca 255 GWh, av dette blir 22 GWh levert som konsesjonskraft til regulerte prisar. Resten er 100% sold til spotpris etter at styret i 2017 endra selskapets strategi på dette området.

Totalt bidrog produksjon/omsetning (inkl. sluttbrukarsal) bare med 25% (9 mill.kr) av driftsresultatet i 2020, mot 72% (65 mill.kr) i 2019. Altså ein resultatsvikt på 56 mill.kr pga historisk låg spotpris. EBITDA 13 mill.kr.

VTK sin eigardel i Grunnåi Kraftverk AS er ikkje med i tala over, då dette selskapet skattemessig står på eigne bein. VTK auka i 2018 sin eigardel frå 15% til vel 18% ved internt kjøp. Grunnåi kraftverket aggregat 2 blei sett i drift 19. september 2019. Produksjonen i 2020 blei 66,3 GWh mot forventa 65,0 GWh. Med spotpris under sjølvkost blei resultatet før skatt -3,6 mill.kr mot +7,8 mill.kr i 2019. Selskapet har til no (sidan 2006) ikkje betalt utbytte.




### Kraftsalg til sluttbrukarar

VTK sel i hovudsak til sluttbrukarar i eigarkommunane, men det er ingen hinder for å selje til andre lenger. All kraft VTK sel er garantert fornybar gjennom ordninga med «opprikkelsesgarantiar». Marknadsandelen er ca 80% både målt i volum og antal kundar. Ein liten nedgang også dette året, men sett på bakgrunn av det pågående telefonsalet, som mange av våre konkurrentar driv med, så er kundelojaliteten imponerande høg. Dei kundane VTK ikkje har, er stort sett landsdekkande selskap som har sentrale avtaler med ein leverandør og utanbygds hyttekundar, men aggressiv marknadsføring påverkar også andre til å skifte leverandør. Prispolitikken til VTK blei i 2020 endra, frå å dekke sjølvkost for krafta, til å ta eit påslag stort nok til å dekke eigne kostnader, dvs styre mot driftsresultat lik null. Dette påslaget var ca 2 øre/kWh inkl elsertifikat og «opprikkelsesgarantiar». Frå 2021 er det auka til 3 øre/kWh som fylgje av selskapsmessig skilje og dei meirkostnadene det gjev mellom anna til doble databasar og strenge nøytralitetskrav. Med den prispolitikken VTK har, er det vanskeleg å sjå at andre kan levere til lågare pris over tid.

Frå 2018 har Tokke kommune vore aleine om å ha inne eit element av tilbakeføring av konsesjonskraftverdar til innbyggjarane. I 2020 var spotprisen for låg til at kommunens pristak slo inn, men til no i 2021 har det derimot hatt ein effekt på ca 12 øre/kWh inkl mva.

I snitt betalte våre kundar 16,0 øre/kWh ekskl mva i 2020. I 2019 var fakturert middelpriis 43,1 øre/kWh. Prisnedgangen utgjorde ca 54 mill.kr + mva for våre kundar.

I fylgje SSB var snittpriisen i Norge i 2020 ca 19 øre/kWh, altså ca 3 øre/kWh over VTK-pris.





## Nettverksemda

Året 2020 var året med rekordstore (re)investeringar i nettet og den dårligaste leveringskvaliteten på 7 år; - målt som ikkje levert energi (ILE).


Investeringane i nettanlegg var på rekordhøge 69,7 mill.kr (49 i 2019). Av dette var 60% reinvesteringar, dvs ombyggingar og fornyingar av gamle anlegg utan at nettets utsrekning endrar seg. Det blei henta inn 15,6 mill.kr i anleggstilskot, slik at netto investering i nettet er ca 54 mill.kr, ein auke på 18 mill.kr i høve til 2019. VTK kjøpte nettanlegg av Agder Energi Nett i søndre del av Nissedal kommune for litt over 6 mill.kr, resten av auken skuldast i hovudsak store fornyingsprosjekt i øvre del av Vinje kommune. Den store opprustinga på strekningen frå Vatjønn til Prestegård er no ferdigstilt. Lista under viser dei største prosjekta i 2020 rangert:

- Kjela trafostasjon, ny
- 22 kV, fornying Haukeli Skisenter-Prestegård
- 22 kV, kjøp av Agder sitt nett Haugsjåsund- Dynjan
- 22 kV, fornying Haukeli-Kjela
- 22 kV, fornying Vatjønn-Haukeli
- 22 kV, fornying Øvre Lårdal
- 22 kV, ombygging Rv36 Seljordstrondi (pga veganlegg)
- 22 kV, Botn Hyttefelt, nytt
- 22 kV, fornying Hauggrend-Hegglandsgrend



Fornyng er i hovudsak å erstatte gammalt luftanlegg med jordkabel.





Talet på nettkundar var 14871 ved utgangen av året. Talet på nettkundar auka med 174 inkl ca 65 som vi overtok frå Agder i Nissedal kommune. Netto auke i gamle VTK var det lågaste på svært mange år og hyttekundar utgjorde nesten heile tilveksten. Forbruket hjå VTK sine kundar var 249,5 GWh, som er ein reduksjon på 2% frå 2019 og 7% lågare enn rekordåret 2010 (268,7 GWh); - slik grafikken under viser. Når talet på kundar aukar og forbruket går ned så betyr det nedgang i midlare forbruk pr kunde.



Driftsregulariteten var dårlig i 2020. Ikkje levert energi (ILE) var på 173,9 MWh. Dette er dobbelt så mykje som normalt. Vi hadde ein regularitet på 99,93%, noko som tilsvarer 6 timer straumlaust i gjennomsnitt. Årsaken var primært store skader i nettet i desember pga snø og is, men at sentralnettspunkt Lio var ute i lang tid på hausten gav ein sårbar situasjon, som også gav oss utfall med store konsekvensar. KILE-kostnadene blei 15,4 mill.kr, som er nesten ei 3-dobling i høve til 2020. Den store kostnadsveksten skuldast ein del «dyre» hendingar i kommunesenter i ordinær arbeidstid, samt generell auke i satsane for ILE. Dei områda med mest utfall i desember er kartlagt og tiltak er sett i verk for å betre situasjonen. Primært ved fornying av luftlinjer eller ombygging til jordkabel.



Nettleiga blei sist auka 1.9.2015 i samband med at VTK måtte starte innhentinga av ei stor akkumulert mindreinntekt. Nettleiga var i 2020 framleis noko høgare enn årleg inntektsramme skulle tilseia og saman med dei høge KILE-kostnadene så gav dette ei meirinntekt i året på ca 12 mill.kr og ein saldo meirinntekt pr 31.12.2020 på ca 7 mill.kr. Målet er å tilbakeføre dette til kundane i 2021 gjennom reduksjon i nettleiga. Jfr note 19.



Driftsresultatet for nettdrifta blei om lag 24 mill.kr basert på fakturerte inntekter, som er 3 mill.kr betre enn i 2019. Årsaken er nettoeffekten av 10 mill.kr i auka dekningsbidrag, primært som følge av lågare tapskostnader, og 7 mill.kr i auka driftskostnader. VTK gjekk frå ein posisjon med mindreinntekt til meirinntekt i løpet av 2020. Saldo meirinntekt er utgiftsført og dette reduserer rekneskapsmessig driftsresultat til om lag 16 mill.kr.

## Anna verksemد

### FIBER

VTK eig 40 % av Telefiber AS. Selskapet blei stifta 28.08.2006 og held til i VTK-bygget med 6 tilsette, ein auke på 1 person. Selskapet driv med sal av breibandtenester og då primært produkt frå ALTIBOX, men dei siste åra har også aktiviteten vore stor innom prosjektering og bygging av fiberanlegg for eigarselskapa. Telefiber leverar breibandtenester i Vest-Telemark + Hjartdal, eit område som har store investeringeskostnader pr kunde. Selskapet har over 5000 kundar; - eit tal som stadig aukar pga utbygging av "Fiber To The Home" (FTTH). Talet på fiberkundar var 5150 ved utgangen av året, ein auke på 700. Selskapet hadde i 2020 ei omsetning på 42 mill.kr (+9%). Om lag halvparten av omsetninga går med til å betale leige for fiberen som eigarselskapa eig.

Telefiber eig 41% av selskapet NC-Spectrum som held til i næringshagen i Kviteseid. NC-Spectrum er i sterkt vekst og er motoren i næringshagen. Førebels har dette selskapet ikkje betalt utbytte, men har prioritert vekst og eigenkapitaloppbygging.

VTK si rolle er å eige, bygge og drive fiber stamnett og aksessnett samt nødvendige nodebuer. Også i 2020 var det svært stor aktivitet med brutto investering på 31 mill.kr (25 mill.kr etter frådrag av anleggstilskot); - begge delar er ein auke på 5 mill.kr i høve til 2019 og det høgaste nokon gong. Ferdigstilling av Tokke-prosjektet og utbyggingar i Fyresdal og Kviteseid utgjorde 2/3 av aktiviteten. Ved utgangen av året var det 3500 fiberkundar og 600 kundar på annan teknologi i VTK sitt område; - ein auke på 750.

VTK fekk i 2020 inntekter på 13,4 mill.kr frå utleige av fiberkabler m.m. til Telefiber, om lag som året før. Dette gav eit driftsresultat på 3,5 mill.kr, som er ein reduksjon på 20%. Totalt er det investert 185 mill.kr siste 15 år. Av dette er 40 millionar finansiert av diverse anleggstilskot og altså 145 mill.kr finansiert av VTK. Bokført verdi av VTK sitt fibernet er 117 mill.kr pr og avkastninga blei 3% før skatt (4,4% i 2019).

### ØVRIG (Kontortenester m.m.)

I VTK-bygget leiger Vest-Telemark Brannvesen IKS og Telefiber AS kontorplass. VTK leverer også diverse økonomi- og kontortenester til desse to selskapa. I tillegg har vi to utlegebustader som også ligg under denne avdelinga.

Skafså Kraftverk ANS blir administrert av VTK og dagleg leiar held til i VTK-bygget. VTK har eigen Pensjonskasse. Den blir administrert av VTK og har VTK, Skafså Kraftverk og Telefiber som medlemsbedrifter. Kassa har ca 70 medlemer og 50 pensjonistar. Samla fondskapital er på 168 mill.kr. Øvrig verksemđ har eit resultat omkring null.

## ØKONOMISK RESULTAT OG FINANSIELLE FORHOLD

### Generelt

Resultatet er det svakaste på 8 år og resultatet etter skatt er 66% dårlegare enn i 2019. Driftsresultatet (EBIT) gjekk ned frå 90 til 28 mill.kr. Nedgangen i driftsresultatet på 62 mill.kr skuldast summen av redusert inntening i kraftproduksjonen (- 56 mill.kr), nett (-5 mill.kr) og fiber (-1 mill.kr). Hovudårsaken både i produksjon og nett er den låge spotprisen. Rekordstor kraftproduksjon dempa resultatnedgangen, men ein auke i «andre driftskostnader» på 5,6 mill.kr dreg andre vegen.

Gjennomgangen under refererer seg til **VTK AS-tala**, dvs at netto andel av inntekter og utgifter i Skafså Kraftverk ANS og Sundsbarm Kraftverk DA er ført som kraftkjøp.

### Resultatrekneskapen

**Driftsinntektene** totalt er på 187 mill.kr, som er ein nedgang på 99 mill.kr (-35%). Dette er nettoeffekten av reduserte inntekter frå produksjon/omsetning på 94 mill.kr og frå nett på 6 mill.kr. og auka inntekter frå kontortenester. Sjå note 1, 2 og 3.

**Kraftkjøp, overføringskostnader m.m.** er på 51,3 mill.kr, som er ein reduksjon på 44 mill.kr (46%). Årsaken er 30 mill.kr i reduserte kraftkjøpskostnader (Tokke kommune og diverse småkraftverk) pga 75% nedgang i spotpris og 33% (7 mill.kr) kostnadsreduksjonar i Skafså og Sundsbarm. Det siste som ein konsekvens av tiltak som blei sett i verk når ein såg dei låge kraftprisane utover våren. Sjå note 4.



Postane over gjev eit **dekningsbidrag** (avanse) på 136 mill.kr, som er ein netto nedgang på 55 mill.kr (-29%). Denne er samansett av ein nedgang på 57 mill.kr frå produksjon/omsetning (spotprisen) og ein betring i 10 mill.kr frå NETT og Kontortenester.

**Personalkostnader.** Totale lønskostnader er redusert med 1% sjølv om lønsveksten var 2-3%. Årsaken er færre tilsette. Inklusiv pensjonskostnader er auken 0,7%. Pensjonskostnadene aukar med 10% pga mange som slutta på særaldersgrense. Andelen av personalkostnader som blei aktivert auka frå 26,0% til 28,3%. Dette som ein konsekvens av den store investeringsaktiviteten i 2020. Jfr note 5.

**Avskrivingane** går opp med 2,1 mill.kr (8%) til 27,2 mill.kr som følge av årets mange og store investeringar. Jfr note 11 og **finansielle forhold** (neste side).

**Andre driftskostnader** aukar med 5,6 mill.kr (15,6%). Halvparten av denne kostnadsveksten skuldast tap på krav og oppussing av ein bustad. Resten fordeler seg på auka skogrydding, tilsynsavgift til DSB og diverse honorar. Det siste som ein konsekvens av omorganisering og vakant kontorsjefstilling. Jfr note 6.

**Driftsresultatet** blir med dette 28,3 mill.kr, som er ein nedgang på 62 mill.kr (- 69%).



**Netto finanskostnader** aukar bare med 0,3 mill.kr (5%) trass i sterk gjeldsvekst. Ekstrem låg NIBOR-rente er forklaringa på dette. Jfr note 7, 8 og 18.

**Resultat før skatt** blir då 21,9 mill.kr som er 62 mill.kr (74%) lågare enn i 2019.

**Skattekostnaden** blir 5,6 mill.kr, ein reduksjon på 30 mill.kr. Sjølv med ein kraftpris på under 10 øre/kWh blei det litt grunnrenteskatt å betale (0,8 mill kr mot 17 mill.kr i 2019). Den betalbare skatten på 3,5 mill.kr blir redusert med direkte utbetaling av negativ skatt på skattepliktig inntekt (-5,6 mill.kr). Dette er ein særregel i koronaåret 2020 og gjer at VTK får «utbetal Skatt» i staden for å betale. I tillegg er det betalt 7,8 mill.kr i eigedomsskatt, men den er ført under "andre driftskostnader". Sjå note 6 og 9.

**Årsresultatet** blir med dette 16,3 mill.kr, som er -32 mill.kr i høve til 2019.

### Finansielle forhold

#### **Investeringar**

Det er i året investert for 106,8 mill.kr (85,9). Av dette er 21,8 mill.kr (19,2) finansiert av kundar og andre (15,5 frå nettkundar og 6,3 frå fiberkundar/kommunar). Netto investeringar i året blir då **85 mill.kr**, som er 18 mill.kr meir enn i 2019.

Desse fordelar seg slik på dei ulike områda:

- Kraftverk 0,0 mill.kr
- Regionalnett 9,1 mill.kr Kjela trafostasjon
- Distr.nett 45,1 mill.kr Høgspent, Nettstasjonar, Lågspent (Herav 37,3 mill.kr reinvestering)
- Diverse 6,2 mill.kr Ny kranbil m.m.
- Fiber 24,6 mill.kr Kviteeid, Fyresdal, Tokke og elles mange mindre prosjekt.

Bare investeringar som er teke i bruk (spenningssett) er aktivert, resten er ført som anlegg under bygging. Netto aktivert er **89 mill.kr**. Jfr note 11.

**Totalkapitalen** aukar med 45,4 mill.kr (5,6%) til 853,5 mill.kr. Årsaken er netto tilgang på anleggsmidlar (37,4 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (8,0 mill.kr). Jfr note 10 – 15.

**Langsiktig gjeld** aukar med 65,6 mill.kr og er ved årsskiftet 367,7 mill.kr. Av dette er gjeld til eigarane på 150 mill.kr. Sjå note 17.

**Netto gjeld** (all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 366 mill.kr, som er ein auke på kr 56 mill.kr.

**Eigenkapitalen** er ved utgangen av året **416,4 mill.kr** før avsetjing til utbyte. Med eit ordinært utbytte på 17,5 mill.kr og eit ekstraordinært utbytte i samband med stifting av VTK Holding AS i 2020 på 17,6 mill.kr blir bokført EK pr 31.12.2020 lik **381,1 mill.kr** (44,7% av totalkapitalen). Jfr note 16 og 18.

#### **Avkastning**

På totalkapitalen før skatt:


3,5 % (11,7)

På eigenkapitalen før skatt:

5,6 % (21,8)

På eigenkapitalen etter skatt:

4,2 % (12,6)





### **DISPONERING AV ÅRSRESULTATET**

Ved disponeringa er åra 2019 og 2020 sett i samanheng. Styret går for 17,5 mill.kr slik som føresett på GF i 2020. Samla utbytte over 2 år blir då 54%, men styret ser dette likevel som forsvarleg på bakgrunn av utviklinga til no i 2021. I tillegg blei det i samband med etablering av VTK Holding AS gjeve eit tilleggsutbytte på 17,6 mill.kr i samband med overføring av pensjonskassa og nokre mindre aksjepostar. Det betyr at det totalt sett må brukast av fri eigenkapital til årets utbytte:

Overføring til fri eigenkapital	-18,8 mill.kr	(31,0)
Tilleggsutbytte	17,6 mill.kr	(0,0)
Utbytte	17,5 mill.kr	(17,5)
<b>Sum disponering</b>	<b>16,3 mill. kr</b>	<b>(48,5)</b>

Samla utbytte sidan 2000 har då kome opp i **452 mill.kr**.



## TILSETTE

VTK hadde ved utgangen av året 50 tilsette (49 årsverk) pluss 6 årsverk i kraftverka, dvs 55 årsverk totalt. Dette er ein nedgang på 3 årsverk i høve til sist årsskifte. Noko av nedgangen er mellombels pga vakante stillingar. I tillegg kjem lærlingar og sommarvikarar.

## LIKESTILLING

Styret har 6 eigarvalde medlemer som er fordelt likt på kvart kjønn. Det same gjeld personlege varamedlemer.

Av dei 56 årsverka totalt blei 9,5 utført av kvinner (10 personar). Kvinnene er tilsett i kontor- og reinhaldsfunksjonar, men vi har også ei innom elektrofaget (i kraftverk).

VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av det generelle avtaleverket innafor KS Bedrift sitt virkeområde.

## HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidsuhell, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2020 hadde me ingen arbeidsuhell med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær i VTK AS var 3,6% mot 4,8% i 2019.

Gjennomsnittet siste 10 år er 3,1 %. Eigenmeldt fråvær utgjorde bare 0,5% mot 0,8% i 2019. Som IA-bedrift er VTK pålagt å tilrettelegge for at tilsette kan halde fram i jobb sjølv om dei slit med sjukdom og kroniske plager. Fråvær frå slike personar er inkludert i tala over. VTK er tilknytta bedriftshelsen Bedriftshelsen AS.

Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemeld er analysert og tiltaksvurdert.

Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. VTK sine beredskapsressursar baserer seg i stor grad på eigne fast tilsette, men vi har også viktige samarbeidspartnarar eksternt; - helikopter, tungtransport, skogryddarar, grossistar og andre nettselskap.

Det blei sett raudt beredskapsnivå i desember 2020.

**Koronasituasjonen 2020:** VTK sette beredskap 12.mars og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald. Aktivitet og produksjon har vore svært lite påvirkta av situasjonen. Dei fleste generelle tiltaka er framleis gjeldande i VTK.

## STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

### Eigarstrategi

Den felles eigarstrategien slår fast at VTK sine mål er:

1. Maksimal verdiskaping for eigarane.
2. Sikre moderne og oppdatert infrastruktur i heile Vest-Telemark.
3. Vidareutvikle dagens forretningsområder.

Det står vidare at styret kan vedtaka og gjennomføre strukturelle endringar (oppkjøp, sal eller fusjon) innom ei ramme på 20% av selskapets balanse (dvs ca 160 mill.kr). Vidare at selskapet skal legge til grunn ein resultatbasert utbyttepolitikk, der forventninga er at det over tid skal delast ut 50% av årsresultatet som utbytte. Styret skal ved fastsetjing av det årlege utbytte ta omsyn til at eigarane ynskjer ein viss stabilitet, men også til selskapets behov for å finansiere vedtekne/nødvendige (re)investeringar og for å sikre at selskapet har ein kapitalisering som sikrar optimale lånevilkår i finansmarknaden. Eigarstrategien har også krav til systematisk informasjonsutveksling mellom styret og eigarane. Styret oppfattar strategien som førande for sitt arbeid ifrå 2019.

**Kraftproduksjon.** I samsvar med føremålet i vedtekten og eigarstrategien, har styret som mål å auke eigenproduksjonen ved å kjøpe kraftverk eller ta del i lønsame utbyggingar av små og mellomstore kraftverk, primært i Telemark. I den samanheng har me søkt og fått fleire konsesjonar på småkraftverk, men bare Trontveit er førbels gjennomført. Når det gjeld Lårdal så fekk me uventa avslag frå NVE på vår søknad om forlenga frist for byggestar, sjølv om årsaken til søknaden var kommunal trenering utan heimel i nesten eitt år. Avslaget er anka og ligg no i departementet for endeleg avgjerd.

Lønsemda innom produksjon av elektrisk kraft gjekk ned i mange år, men i 2017 og særleg i 2018 og 2019 skjedde det ei stor betring i prisnivået. I 2020 snudde dette totalt som fylgje av mykje nedbør samstundes som mange kablar til utlandet ute av drift. Dette førte til mykje innestengt produksjon og fullstendig kollaps i spotprisen i 3-4 månader. Til no i 2021 har dette snudd totalt. Hovudårsaken er at alle kablane til utlandet er i drift og i tillegg har det kome enda ein til Tyskland. Dette har i aukande grad kopla Norge mot prisnivået på kontinentet; - eit nivå som i lange periodar blir styrt av marginalkostnaden ved å produsere i eit kolkraftverk. Her er denne kostnaden i prinsippet lik summen av prisen på CO<sub>2</sub>-kvoter og kol. Dette ligg i dag på eit nivå på 50-60 øre/kWh og vi ser at ofte ligg spotprisen i dette området.



Fornybar straum blir meir og meir etterspurd og internasjonale selskap ynskjer difor å etablere energikrevjande produksjonar i Norge. Det er grunn til å tru at etterspørseren etter energi frå fornybare kjelder vil auke framover; - både nasjonalt og internasjonalt. Vekst i etterspørseren må, for å realisere ny produksjonskapasitet, gje eit prisnivå på fornybar kraft som gjer denne verksemda lønsam på sikt. Dette føreset konkurransedyktige rammevilkår, inklusiv tilstrekkeleg overføringskapasitet frå produksjonsstaden til der etterspørseren er.

VTK sin strategi for omsetning av kraftproduksjonen blei endra i 2017; - frå delevis prissikring på 1-3 års kontrakter til å selje alt i spotmarknaden. Resultatet var at all vår produksjon blei seld til spotpris i 2018 og 2019 med godt resultat. I 2020 gav denne strategien eit inntektstap, men i 2021 ligg det ann til stor gevinst ved å ligge usikra. Styret har ingen planar om å revurdere denne strategien.



**Kraftomsetninga** til sluttbrukarar blir handtert uavhengig av kraftproduksjonen. Kraftoppdekkinga blir ordna gjennom kjøp i spotmarknaden og ved direkte kjøp frå Tokke kommune. Tokke kommune leverar særavtalekraft til dei som bur i kommunen. Avtala er vekta spotpris med eit tak på 37 øre/kWh. I 2020 hadde dette atket ingen effekt, då prisen var lågare heile året. Styret har vedteke at VTK skal halde fram med kraftomsetning til sluttbrukarar og at denne verksemda skal stå på eigne bein økonomisk. Frå 1.5.2021 har VTK gjennomført databasesplitt

og oppfyller då dei nye krava frå NVE på dette området. Desse krava og tilhøyrande nødvendige tiltak påfører kundane høgare kostnader både på straumen og på nettleiga.

Det er også i 2020 gjennomført marknadsføring av VTK sine prisar som fast spalte på siste side i lokalavisa. Grafen under viser at VTK sin pris ligg om lag 6 øre/kWh under landssnittet for levering til hushald. Det gjev ei innsparing på 1500 kr/år inkl. mva ved 20000 kWh/år.



Eigarene har vurdert dette som eit overordna strategisk vegval og saka skal difor leggast fram for Generalforsamlinga når styret har si innstilling klar.



**Nettverksemda** har som mål å halde seg på ein effektivitetsscore på gjennomsnitt (100%) eller betre. Dette for å oppnå ei avkastning på nettkapitalen som sikrar finansiering av nødvendige (re)investeringar. Mykje av dagens høgspentnett blei bygd ut på 50- og 60-talet og behovet for vedlikehald og fornying aukar på. Desse anlegga er systematisk vurdert og rangert som grunnlag for årlege fornyingsplanar. For å redusere KILE-kostnadane, og dermed auke leveringskvaliteten, vil også vidare utbygging av overvakings- og fjernstyringssystem framleis vera eit prioritert område saman med skogrydding. VTK vil også i 2021 få store investeringar i nettet. I år vil gamle linjer i utkantområder med mykje feil sist vinter bli prioritert.

Utbygging av ny fornybar kraft (vind og småkraft), elektrifisering av sokkelen og transportsektoren utløysar store nettinvesteringar i sentralnettet i landet. Det ser ut til at mesteparten av rekninga for dette også hamnar på nettleiga til vanlege forbrukarar. Det er difor grunn til, på generelt grunnlag, å rekne med større auke i nettleiga i åra framover enn normal kostnadsutvikling skulle tilseia. I tillegg har Statnett konkrete planer om å redusere den rabatten som uttak i produksjonspunkt i dag har (den såkalla K-faktoren). Dette tyder i praksis å flytte kostnader «frå by til utkant». Dette vil i tilfelle slå svært negativt ut for VTK og kan gje ein kostnadsauke på inntil 15 mill.kr; - dvs 10-15% på nettleiga.

VTK har høg nettleige, men har likevel over tid ofte blitt målt til å vera mellom dei 20-30 mest effektive nettselskapa i landet. For 2021 har VTK fått 6 mill.kr i støtte frå staten til utjamning av nettleiga. Dette saman med høg meirinntekt i 2020 har gjeve markert reduksjon inettleiga i 2021. Den største utfordringa for VTK-NETT er null forbruksvekst siste 10 år. Dette set store krav til å ha kontroll på kostnadssida for å unngå stor prisauke og fall i effektivitet. Styret er klar over denne situasjonen og har gjort tiltak på kostnadssida. Dette vil også bli fylgd opp i åra framover. Effektivisering gjennom å utnytte den teknologien som er investert i gjennom AMS og NSO (nettstasjonsovervaking) er avgjerande for å kunne halde fram som sjølvstendig nettselskap. Samarbeid med andre nettselskap kan vera nødvendig for å halde kostnadene nede på slike (og andre) digitaliseringsprosjekt. I den samanheng deltok VTK i arbeidet med å utgreie felles driftssentralløysing for heile Telemark; - basert på Skagerak Nett sin teknologiske plattform. Løysinga er no teke i bruk av Midt-Telemark Energi. Deira erfaringar vil bli ein del av evalueringa opp mot andre alternativ. Saka ligg framleis til vurdering i administrasjonen.

**Fiber.** Sidan 1995 har VTK bygd ut fibersamband til eige bruk. På generalforsamlinga i 2004 gav eigarane styret fullmakt til å setja i gang utbygging av eit breibandnett til allmenn bruk. Grunngjevinga var mellom anna at god breibandsdekning til ein akseptabel pris er ein føresetnad for næringsutvikling, undervisning, nyskaping, gode offentlege tenester og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark i åra framover.

Etter å ha sikra minimum breibandsdekning til (nesten) alle i Vest-Telemark ved hjelp av xDSL, radio og fiber, starta Telefiber i 2012 opp med å bygge ut FTTH (Fiber To The Home) med leveranse av Altibox sine breibandstenester. Målet er å gjera fiber tilgjengeleg for flest mogeleg av fastbuande og næringsliv i Vest-Telemark innan få år. Også hyttefelt som ynskjer fiber er eller vil bli utbygde. Utbygginga skjer og vil også framover skje i kombinasjon av eigeninitierte prosjekt og utbyggingsar vunne i offentleg styrte anbodskonkurransar. Det har vore stor aktivitet i alle kommunar for å søke på statlege midlar, noko som er heilt avgjerande. Gjennomføring av denne strategien krev store investeringar. Nissedal og Vinje kommunar er som dei første i VTK.

Høydalsmo, 31.desember 2020/ 7.juni 2021

Geir Kjartan Lid

Eivind Skogheim  
Leiar

Ketil Kvæle  
(adm.direktør)

Åshild Løvold

# RESULTATREKNESKAP 2020

(Tal i 1000 kr.)					
Konsern 2020	Konsern 2019	Tekst	Note	VTK AS 2020	VTK AS 2019
50 061	143 048	Kraftsalg	1	45 521	139 413
122 287	128 494	Nettinntekter	2	122 287	128 494
18 567	18 223	Andre driftsinntekter	3	19 145	17 586
<b>190 915</b>	<b>289 765</b>	<b>Driftsinntekter</b>		<b>186 953</b>	<b>285 493</b>
41 315	78 834	Kraftkjøp og anna varekjøp	4	51 267	94 803
43 158	44 766	Personalkostnader	5	38 453	39 423
27 285	25 218	Avskrivingar	11	27 243	25 176
51 199	51 203	Andre driftskostnader	6	41 675	36 059
<b>162 957</b>	<b>200 021</b>	<b>Driftskostnader</b>		<b>158 638</b>	<b>195 461</b>
<b>27 958</b>	<b>89 744</b>	<b>Driftsresultat</b>		<b>28 315</b>	<b>90 032</b>
1 222	987	Finansinntekter	7	1 128	879
7 506	6 936	Finanskostnader	8	7 506	6 936
